


Vala til riksforsamlinga 1814 i Sogn og haugianarane i Luster

Av Oddmund L. Hoel



Europa 1814 – World Atlas Map 1814.

Tysdag 25. januar 1814 var kompanisjef Ole Elias Holck i grenseområda i Østfold med avdelinga si frå Bergenhusiske regiment. «Just, som vi sad ved Middagsbordet» kom ein kurér med bod om at Noreg var avstått til Sverige ved freden i Kiel elleve dagar før. «Hvor meget dette end frapperer mig, saa er Efterretningen altfor extraordinær til ligefrem at troes», noterte den undrande Holck i dagboka si. Holck var mellom dei aller fyrste, om ikkje den fyrste frå Nordre Bergenhus amt som fekk høyra om Kielfreden.¹

Soga om 1814 vil med god grunn ofte bli sogar om Eidsvoll, Grunnlova, storpolitikk og dei store menn. Det er ingen tvil om at samfunnseliten spela hovudrolla i 1814 – slike som Holck som òg vart militær utsending til den grunnlovgjevande forsamlinga på Eidsvoll og jamvel skreiv seg inn i sogar med ei dagbok. Men hendingane i 1814 nedfelte seg òg i engasjement og aktivitet på lokalplan, mest direkte gjennom vala til riksforsamlinga som involverte alle prestegjeld. I denne artikkelen skal me sjå nærare på korleis hendingane i 1814 arta seg i Sogn. Vekta kjem til å liggja på dei indre bygdene, særleg prestegjeldet Luster. Eit viktig spørsmål er i kva grad og på kva måte vala til riksforsamlinga og dei storpolitiske hendingane i 1814 vekte interesse og engasjement på lokalplanet. Det har òg vore sentrale spørsmål for eit forskingsprosjekt som har sett på 1814 «nedanfrå» i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Telemark.²

EIT RYKTE GÅR, OG EIT OPPRØR VERT ORGANISERT

Det store nyhendet om Kielfreden som skulle endra situasjonen til Noreg så grunnleggjande, snigla seg opp gjennom dalane og ned i fjordbygdene våre. Då Siver Aarflot i Volda gav ut *Norsk Landboeblad* 28. januar 1814, 14 dagar etter Kielfreden, hadde ikkje nyhendet nådd han enno. Dei som fylgde med, og det gjorde nok mange, visste at ufreden gjekk mot slutten, men det var ei gjenoppretting av ein fredeleg situasjon innanfor kjende unionelle og eineveldige rammer dei fleste tenkte seg. Krigstidene hadde folk flest kjent på kroppen gjennom forsyningskriser og frå menn i sin beste alder frå bygdene som hadde delteke i felttoga sidan 1807.

Men historia skulle ta ei heilt anna vending. Etter at nyhendet om Kielfreden nådde landet, rådde uvissheita, fortel Holck i dagboka si. Uvissheita rådde òg langt frå grenseområda. Fullmakta frå Sogndal i samband med vala til riksforsamlinga 18. mars, byrjar med at «Rygtet om Norges Afstaaelse til Sverrig naaede ogsaa til denne Egn» før dei offisielle kunngjeringane nådde fram.³

Regent Kristian Fredriks kunngjeringar til det norske folket 19. februar er nullpunktet for forteljinga om 1814, slik ho arta seg på lokalplanet.⁴ Tre dagar før var det såkalla notabelmøtet eller stormannsmøtet halde på Eidsvoll med kronprinsen og 21 av landets leiande embetsmenn og borgarar. Etter at Kristian Fredrik hadde fått meldinga om Kielfreden, hadde han stilt seg i spissen for eit norsk opprør mot fredsvilkåra. Han var komen til Kristiania som kongens statthaldar i mai 1813 då krigen hadde avskore Noreg frå kontakt med moderlandet Danmark og statsstyret i København. Kristian Fredrik

1. Holck 1907: 2.

2. Historikarmiljøa ved høgskulane i Volda, Sogn og Fjordane og Telemark har samarbeidd om prosjektet. Mellom dei tolv forfattarane er òg frie historikarar og museumsfolk frå dei tre fylka. Hovudpublikasjonen er artikkelsamlinga *Med påhalden penn? 1814 sett frå Nordvestlandet og Telemark* (2014). Denne artikkelen dreg særleg vekslar på innleiinga (Hyvik m.fl. 2014), Anders Timberlids artikkel om folkeleg engasjement kring 1814 i Nordre Bergenhus amt (Timberlid 2014) og min eigen artikkel om Sogn (Hoel 2014). Eg viser til desse artiklane for meir utfyllande framstillingar og tilvisingar.

3. Fullmakt frå Sogndal 18.3.1814 (Riksforsamlingen 1914: 63–64).

4. For ei kortfatta framstilling av hendingane vinteren 1814, sjå Hyvik m.fl. 2014.



Prins Kristian Fredrik (1786–1848). Måleri, J.L. Lund, 1813.

knytte kontakt med leiande personar og grupper i Kristiania og tok styringa over landet gjennom det som stadig meir tok form som eit sjølvstendig norsk forvaltningsapparat. Ut frå meldingane Kristian Fredrik hadde fått frå kontinentet, hadde han vore førebudd ei stund på utfallet, og då han fekk meldinga om Kielfreden 24. januar, drog han nordover til Trondheim for å lodda stemninga.

På stormannsmøtet på Eidsvoll 16. februar vart uvisse rydda av vegen. Konklusjonen var at det fanst grunnlag

for eit norsk opprør mot Kielfreden, men Kristian Fredrik fekk ikkje forsamlinga med på planen om å la seg utropa til norsk konge med støtte i arveretten til trona. Professor Georg Sverdrups ord frå møtet er vidgjetne: «Ingen har mere Ret nu til den norske Krone end jeg eller hver en anden Normand; den er nu hjemfalden til det norske Folk.»⁵ I staden vart det avgjort å kalla inn til ei riksforsamling på Eidsvoll 10. april som skulle avgjera styreforma og gje landet ei forfatning som «for bestandig kan betrygge Folkets Frihed».⁶

Dei seks kunngjeringane som gjekk ut frå regentskapet i Kristiania 19. februar i Kristian Fredriks namn, inneheldt orienteringar om den politiske situasjonen, føresegnar om korleis embetsmenn og militært personell skulle te seg og retningslinjer for dei komande vala. Kvart prestegjeld skulle velja to utsendingar som skulle koma saman og velja tre representantar frå kvart amt til riksforsamlinga. Byane og dei militære avdelingane skulle i tillegg velja representantar.

Brevsendinga som gjekk ut frå Kristiania laurdag 19. februar, følgde ein lang og kronglete tenesteveg, det vil seia postvegen over Filefjell og ned til Lærdal, vidare gjennom Aurland til Voss og Bergen der me veit at biskop Johan Nordahl Brun hadde fått sendinga to veker seinare, laurdag 5. mars. Den dagen sende han kunngjeringane til prostane med ordre om at dei, «in cito express», skulle ekspedera det heile vidare til sokneprestane.⁷ Sokneprest Niels Friis på Hafslo har notert seg i journalen at han mottok brevsendinga frå prost Anders Daae på Leikanger torsdag 10. mars, altså under tre veker etter at ho gjekk frå Kristiania.⁸ Friis og dei andre sokneprestane i amtet rakk såleis å kunngjera under gudstenesta sundag 13. mars at kyrkjelydane skulle møta i hovudkyrkja til bededag fredag

5. Dyrvik 2005: 48.

6. «Aabent Brev fra Norges Regent, Prinds Christian Frederik, angaaende Rigets nærværende Stilling, og tilkommende Regjeringsforfatning», 19.2.1814 (<http://www.arkivverket.no/arkivverket/Tema/1814/Sjoelvtstendereising-og-nasjonale-val/Aabent-Brev-fra-Prinds-Christian-Frederik>).

7. Statsarkivet i Bergen, Bjørgvin biskop, kopibok 16, 1797–1816: 70b.

8. Statsarkivet i Bergen, Hafslo sokneprestembete, journal 1814: 65 (dokumentet er funne av Hermund Kleppa).

18. mars. Prestane var pålagde å halda bededagen den fyrste fredagen etter at dei hadde hatt høve til å kunn-gjera han. Unntaket i Nordre Bergenhus var sokneprest Niels Dahl i Eivindvik som må ha fått meldinga rett frå biskopen og rakk å halda bededagen 11. mars.

Me har vore inne på at ryktet om Kielfreden nådde Sogndal før dei offisielle skriva, og om så viktige saker må det ha gått mykje informasjon gjennom uoffisielle kana-lar som ingen kjelder kan fortelja om i dag. Anders Tim-berlid har eitt døme. Skipsbyggjarmeister Tønnes Rolfsen i Bergen skreiv 12. mars 1814 til halvbroren Ludolf Johan Eide, proprietær og forlikskommisær på Hovland i Kaupanger.⁹ Rolfsen fortalde opprømd frå Bergen om hurrarop og stor stemning kring eidsavlegginga, valet på utsendingar til riksforsamlinga og tilstellingar i teatret med songar av biskop Johan Nordahl Brun og skule-mannen Lyder Sagen. Rolfsen «og mange andre» trudde og vona at halvbroren kom til å bli vald som utsending for Nordre Bergenhus amt. Slik skulle det ikkje gå, men breva vitnar om kontakt og informasjonsutveksling.

BEDEDAGEN 18. MARS

Det eine rundskrivet frå Kristian Fredrik gav ein detal-jert instruks for korleis bededagen skulle gjennom-førast.¹⁰ Fyrst skulle to av dei utsende dokumenta lesast opp i kyrkja: Fredrik 6.s brev av 18. januar der han orien-terte om Kielfreden og sa frå seg den norske krona, og Kristian Fredriks opne brev av 19. februar som grunngav opprøret mot Kielfreden og mana til kamp for å forsvare det norske sjølvstendet og fridomen. Deretter skulle folk «opfordres» til å avleggja følgjande kraftfulle eid: «Svæ-ge I, at hævde Norges Selvstændighed, og at vove Liv og Blod for det elskede Fædreland?» Med «opløftede Fin-

gre» skulle kyrkjelydane svara «Det sværge vi, saa sandt hjelpe os Gud og hans hellige Ord». Så skulle sokne-presten lesa ei bøn som biskopen hadde tilrådd og halda ei preike over Davids salme 62, 8–9.

Rett etter gudstenesta skulle det setjast opp «et Vidnesbyrd» om at innbyggjarane «med Fædrelands-sind [havde] aflagt denne Eed». Dokumentet skulle un-derskrivast av tolv av «Menighedens agtværdigste Mænd» og dessutan alle tilstadeverande embetsmenn og øvrigheitspersonar. Slik vart bededagen òg nytta til å hen-ta inn lojalitetserklæringar frå embetsstanden. I tillegg skulle det utferdast «en Adresse til Mig, Norges Regent», signert av dei same personane. Mange kyrkjelydar sette berre opp eitt dokument, og det inneheldt òg ei stad-festing av kven som vart valde til å møta på amtsforsam-linga. Somme stader vart det utferda to dokument, og ein skal vera merksam på at berre det eine dokumentet – det som inneheldt valfullmakta, følgde med til amtsforsam-lingane og vidare til riksforsamlinga. Det er denne sam-linga med adresse og fullmakter som er prenta og publi-sert på Internett både i originalar og avskrifter. Ein skal såleis vera varsam med å dra for mange slutningar på bakgrunn av likskapar og skilnader i denne dokument-samlinga, sidan det finst «nr. 2»-dokument frå ein del prestegjeld som ikkje inngår i den publiserte arkivserien. Eitt døme er Sogndal. Det kjende dokumentet er ei lengre adresse med takkseiningar til Kristian Fredrik og opplys-ningar om kven som vart valde. Men ein kopi i kyrkjeboka fortel at det òg vart sett opp eit dokument på sju knappe liner med dei same underskriftene som avgrensar seg til ei stadfesting av at eiden vart avlagd.¹¹

Adressene og fullmaktene er dominerte av takk-seiningar til Kristian Fredrik, understrekingar av verdien av å forsvare fridomen og det nasjonale sjølvstendet og

9. Timberlid 2014: 347.

10. «Cirkulære til Biskopperne», 19.2.1814 (<http://www.arkivverket.no/arkivverket/Tema/1814/Sjoelvstendereising-og-nasjonale-val/Cirkulaere-til-Biskopperne>), sjå elles Hyvik m.fl. 2014: 21–29 for ei framstilling av retningslinene for bededagen og vala.

11. Statsarkivet i Bergen/Digitalarkivet, ministerialbok for Sogndal 1809–1821: 182a–182b.



Dale kirke i Sogn. Johannes Flintoe, 1819. Nasjonalgalleriet.

ynsket om at Gud må vera på nordmennene si side. Fullmakta frå Aurland opnar til dømes med å uttrykkja «den inderligste Taknemmelighed til Deres Højhed, som nu i Norges Stats iværende slibrige Stilling, faderligen paatog Dem at være vor Regent, og at værne om statens Sikkerhed, Frihed og Rolighed».¹² Ordlyden følgjer i stor grad faste sjangerkrav om korleis undersåttane skulle venda seg til fyrsten og har den same underdanige stilen som i

dokumenta frå einevaldstida. Det er såleis ikkje allverda som kan lesast ut av desse dokumenta, men like fullt er dei mange stader dei viktigaste kjeldene til kva som føregjekk i bygdene under bededagen 18. mars. Elles kan det vera nokre opplysningar å finna i innførslane i kyrkjebøkene, men dei er knappe.

Det finst knapt nok kjelder frå Sogn som fortel meir i detalj kva som føregjekk. Eit unntak er Lærdal der sokneprest Ulrik Frederik Bøyesen seinare i 1814 sytte for å få prenta tala han hadde halde i kyrkja 18. mars.¹³ Her går

12. Riksforsamlingen 1914: 44.

13. Bøyesen 1814.

det fram både når han las opp dei tilsende regentbrev, preika over den føreskrivne bibelstaden og at han sytte for eidsavlegginga. Det mest interessant er likevel den harde retorikken i tala. Han opna gudstenesta med å påkalla det historiske alvoret. Det galdt «intet Mindre, end om vi skal være et frit, selvstændigt Folk, eller om vi skal begive os under et fremmed Slaverie». Noreg var truga av ein «herskesyg Naboes grusomme Politik» som ville «splitte det Broderbaand, som gjennem flere Aarhundreder havde forenet os, med den Danske Stat». Han mana til kamp mot den svenske fienden, om naudsynt for «til sidste Blodsdraabe at forsvare vor Ære og Selvstændighed».

VALET PÅ AMTSFORSAMLINGA

Alle dei 21 prestegjelda i Nordre Bergenhus amt valde to representantar kvar, og alle møtte på amtsforsamlinga som vart halden på garden Vange i Vik 30. mars 1814. I tillegg møtte amtmann Herman Gerhard Treschow som leia møtet og administrerte valet.¹⁴ Retningslinene frå Kristian Fredrik sa at minst éin av dei to utsendingane frå kvart prestegjeld skulle vera frå bondestanden. Dei ti prestegjelda i Sogn skil seg ut frå Sunnfjord og Nordfjord med eit sterkare embetsmannsinnslag. Av dei åtte valmennene frå embetsstanden, kom heile sju frå Sogn. Medan dei fleste prestegjelda i Sunnfjord og Nordfjord sende to gardbrukarar til møtet, galdt det berre Eivindvik og Jostedalen i Sogn. Også tre av dei fire lensmennene på amtsforsamlinga kom frå Sogn. Ein kan spørja seg om presteinnslaget frå Sogn kom av at dei hadde kortare reiseveg til Vik eller om det hadde breidd seg ei haldning i embetsmannsmiljøet om at det var viktig å la seg velja. Men ein skal òg vera varsam med å dra slike slutningar. Gaute Losnegård har vist at høg alder, dårleg helse eller

hang til sterk drykk gjorde at det knapt fanst prestar som kunne veljast i Sunnfjord.¹⁵

Amtsforsamlinga skulle velja tre utsendingar til riksforsamlinga, og dei tre vart sorenskrivar Lars Johannes Irgens frå Sogndal, gardbrukar og postopnar Peder Hjermann frå Lærdal og sokneprest Nicolay Nielsen frå Ytre Holmedal (Fjaler). Minst éin av dei tre skulle vera frå bondestanden, og det vart altså Hjermann. Dei militære avdelingane valde sine eigne representantar, så Bergenhusiske regiment skulle velja éin offiser og éin soldat. Dei to som vart valde, høyrde til den delen av regimentet som var mobilisert og låg ved grensa, og det var kaptein Ole Elias Holck frå Lavik og gardbrukar og musketer Nils Johannesen Loftesnes frå det sogndalske kompani. Det møtte såleis fem representantar frå amtet på riksforsamlinga, og heile fire av dei var frå Sogn.

STRID OM VALA?

I arbeidet med boka *Med påhalden penn?* gav ingen av dei knappe kjeldene inntrykk av at det hadde vore strid kring vala i Nordre Bergenhus, korkje i prestegjelda eller på amtsforsamlinga. Det finst heller ikkje opplysningar om korleis vala faktisk føregjekk – om det var reelle val eller om utsendingane meir eller mindre vart utpeika av presten. Fullmakta frå Vik opplyser at kyrkjelyden «eendrægtigen» (samrøystes) valde dei to utsendingane, men mangelen på opplysningar om at valet var samrøystes i dei andre fullmaktene, kan ikkje tolkast som at det var fleire kandidatar. Av grunnar me kjem attende til, er det likevel gode grunnar til å tru at det har vore diskusjonar og kanskje strid kring vala i prestegjelda.

Men fyrst skal nemnast eit dokument som fyrst kom for ein dag etter at boka var prenta. Frå amtsforsamlinga i Vik 30. mars 1814 har ikkje meir vore kjent enn det som

14. Oversyn over dei 42 utsendingane på valforsamlinga i Vik – sjå artikkelen til Arne Inge Sæbø i denne årboka.

15. Losnegård 2014: 381–383.



«Da' staur inkje pau te' kom' unda'!» Galdane i Lærdal. Johannes Flintoe, 1845.

går fram av fullmakta dei tre valde representantane hadde med seg til riksforsamlinga, og ho fortel ikkje meir enn kven som vart valde. Men så fann Hermund Kleppa eit brev skrive av sokneprest Ulrik F. Bøyesen i Lærdal 26. november 1814 som fortel i detalj kva som hende i Vik.¹⁶ Dei tre som fyrst vart valde til utsendingar, var Nicolay Nielsen, Lars J. Irgens og lensmann Hans Urdahl i Luster. Men rett etter valet prøvde både Urdahl og Irgens å seia

frå seg valet «paa Grund af Sygelighed og Sygdom». Urdahl fekk etter «nogen Vanskelighed Fritagelse» fordi han «nylig var opstaaet af en langvarig og svær Sygdom hvis blege udtærede Ansigt tydelig viste, at han endnu var meget svag». Irgens fekk derimot ikkje fritak.

Det vart såleis gardbrukaren som hadde fått nest flest røyster, Peder Hjermann i Lærdal, som vart vald til utsending. Han var òg «paa den Tid meget sygelig», og han

16. Statsarkivet i Bergen, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, innkomne brev 32, 1814–1815, U. F. Bøyesen til Amtmann C. M. Falsen 26.11.1814.

hadde før valet prøvd å få folk til å la vera å røysta på seg, men utan hell. Hjermann ville vera «forskaanet for en saa lang og besværlig Rejse i en Aarstid, der syntes saa farlig for hans Helbred», og det same galdt Irgens. Men «den største Deel» av forsamlinga ville ikkje gjera valet om att fordi valet då òg ville koma til å falla på dei same personane. Bakgrunnen for brevet var at Bøyesen ville forklara amtmann Falsen korleis det gjekk til at Bøyesen på ordre frå amtmann Treschow reiste til riksforsamlinga som vararepresentant ifall nokon av dei valde fall ifrå på grunn av dårleg helse. Krangelen om reiserekninga førte til ei lengre brevveksling der dette brevet står sentralt.

Her ser me altså at det stod ein kamp på amtsforsamlinga om å få sleppa å reisa på riksforsamlinga av helsegrunnar. Det er forståeleg – ei strevsam ferd frå Sogn til Eidsvoll på vårparten kunne vera farleg nok for helseveike. Då skal det samstundes leggjast til at korkje Nicolay Nielsen eller Bøyesen sjølv ser ut til å ha hatt det minste imot å reisa på riksforsamlinga. Men det indikerer iallfall at ikkje alle ville til Eidsvoll for ein kvar pris.

Det mest interessante er likevel opplysninga om at Hans Urdahl faktisk fekk flest røyster av kandidatane frå bondestanden – det har tidlegare vore heilt ukjent. Det står oppunder hypotesen om at det var meir strid kring valet til riksforsamlinga i Sogn enn det som går fram av kjeldene. Urdahl var ein svært interessant figur i det politiske miljøet i Indre Sogn, og me skal no ta ein nærare kikk på prestegjeldet hans, Luster.

HAUGIANARANE I LUSTER

Eit politisk og kulturelt særdrag med Luster kring 1814 var den sterke stillinga til haugianarane. Vekkingsbylgja etter Hans Nielsen Hauges vitjingar i Luster i 1801 og 1802 var omfattande, og prestegjeldet vart eit bru hovud for den tidlege haugerørsla i Sogn, slik Svanøy med haugianarleiaren Ole Torjussen Svanøe vart det i Sunnfjord.¹⁷

Inntoget til haugianismen førte raskt til konflikhtar i Luster, og alt i 1803 vart fleire haugianarar involverte i ei rettssak. Bøndene Peder Jensen Hetle og Ole Tollefsen Yttri hadde meldt fleire haugianarar for å «forlede folk til at antage deres meninger og derefter overtale dem til at bortgive, hvad de eier til [haugianer]samfundes kasse». Resultatet vart ein lengre rettsprosess på dei tre neste tinga som enda med at amtmannen fekk i stand eit forlik.¹⁸

Etter at Hauge vart arrestert og den statlege undersøkingskommisjonen innleidde granskingane sine, vart det halde rettslege vitneavhøyr i ei rekkje prestegjeld, og i Luster var dei omfattande. På sju dagar i desember 1806 og januar 1807 vart 29 vitne avhøyrde på tinget i Luster, og deretter fire vitne i Hafslo.¹⁹ Vitnemåla gjer det mogleg å danna seg eit godt bilete av det haugianske nettverket i dei to prestegjelda på dette tidspunktet. Nærare 30 personar er namngjevne som haugianarar i Luster, og sokneprest Edvard Qvale, som etter beste evne prøvde å demma opp for svermeriet, hadde hausten 1804 meldt i ein rapport til amtet at «Alle Skoleholdere, Lensmanden med ganske Familie og mangfoldige Andre vare Hans Nielsen Hauges ivrigste Tilhængere» og at «næsten i hvert hus fandtes hans skrifter og der holdtes ofte opbyggelsesforsamlinger».²⁰

Avhøyra i 1806–07 etterlet ingen tvil om at Torgeir Halvorsen Næss var den røynelege leiaren for haugianarane i Luster, sjølv om han nekta for å ha fått noko slikt kall av Hans Nielsen Hauge. Næss, som var 34 år på dette tidspunktet, dreiv storgarden Nes, var ein svært dugande jordbrukar også etter Qvales vurderingar, og var involvert

17. Losnegård 2014.

18. Tang 1909, som er det sentrale arbeidet om haugianarane i Luster, jf. Laberg 1926: 103–112, som i stor grad byggjer på Tang.

19. Rettsdokumenta er grundig refererte av Tang 1909. Der anna ikkje er nemnd, er opplysningane om haugianarane i Luster henta herifrå. Originaldokument: Digitalarkivet, skanna rettargangsmateriale, ekstrarettssprotokoll for Indre Sogn sorenskriveri 1804–1810: 152b ff.

20. Bang 1910: 283.

i drifta av både ei kvern, eit sagbruk og ei jekt i Feigum på sørsida av Lustrafjorden. Etter kvart starta han både garveri, saltkokeri, fargeri og meir til.²¹

Som Qvale rapporterte i 1804, hadde haugianismen raskt fått innpass i det lokale maktapparatet i Luster. Alt under den fyrste vitjinga i 1801 vart den 65-årige lensmannen Arne Hansen Leri (Lerum) og familien hans gripne av vekkinga. Det gjekk jamvel eit rykte i bygda om at Arne Hansen var syskenbarnet til Hans Nielsen Hauge, noko som på ingen måte var tilfelle – Arne Hansen var av husmannsfolk i Luster.²² To av sønene hans vart sær sentrale i det haugianske miljøet. Daniel Arnesen (1782–1870) førde Feigum-jekta mellom Bergen og Luster, og han vart såleis eit viktig kontaktledd mellom haugianarane i Luster og Hans Nielsen Hauge, som hadde slege seg ned som kjøpmann i Bergen. Daniel Arnesen vart seinare ein vidgjeten lekpreikar. Ein annan son av lensmann Arne Hansen heldt seg under radaren og vart ikkje avhøyrd som vitne i 1806–07 og ser heller ikkje ut til å ha vorte nemnd i vitneforklaringane. Det var den eldre Hans Arnesen Urdahl (1769–1829) – altså den frå bondestanden som fekk flest røyster i valet til riksforsamlinga. Urdahl hadde ein god grunn til å halda ein låg profil, for han må på dette tidspunktet ha arbeidd på kontoret til sorenskrivar Lars Johannes Irgens som leidde avhøyra.²³

Det vil likevel ikkje seia at Hans Urdahl heldt seg unna lokale konflikter. I juni 1806 stemnde han smeden Paul Nilsson Fladhammer for forlikskommissjonen fordi han på siste sommarting hadde kome «med ærerørige og fornærmelige Beskyldninger og Skjædsord [!], utan at bakgrunnen for ærekrenkinga går fram av saka.²⁴



Hans Nielsen Hauge
(1771–1824)

Aktiviteten til haugianarane i Luster vart mindre etter at rettsprosessen mot Hauge greip om seg, og i 1809 flytte fleire av dei leiande haugianarfamiliane til Grytten i Romsdalen med jekta til Daniel Arnesen. I Grytten gjekk Arnesen i kompaniskap med haugianaren Halvor Ophus som vart stortingsmann i 1815. Mellom lustringane som flytte, var òg ein annan seinare svært sentral lekpreikar, Lars Kyllingen.²⁵

BONDEINITIATIV: ALLMUGEFOREININGA 1812

Sjølv om haugianarane i Luster heldt ein lågare profil etter 1806–07, gjorde dei seg framleis sterkt gjeldande i Luster. Våren 1812 finn me att fleire av dei i eit initiativ som Hans Urdahl stilte seg i spissen for. Urdahl hadde i 1807 teke over som lensmann i Luster etter far sin, Arne Hansen. Amtmann Herman Treschow melde våren 1813 i *Budstikken* at «en frivillig Forening» var «indgaaet imellem en Deel Almuesmænd» i Luster året før.²⁶ Initiativet hadde Treschows fulle støtte, og *Budstikken* gjev att heile dokumentet som hadde fått tilslutnad frå 23 gardbrukarar i Luster attåt lensmannen. Pakta eller avtala, som «Foreningen» i røynda var, tok sikte på å få bukt med den

21. Tang 1909, jf. Lindstøl 1914: 654.


22. Øyane 1987: 317.

23. Lindstøl 1914: 916.

24. Bøyum 2004: 70.

25. Svendsen 1931: 9ff.

26. *Budstikken*, 30.4.1813. Jørn Øyrehaugen Sunde gjorde meg merksam på foreininga. Laberg (1926: 99) nemner foreininga, men tidfester ho gale til 1817.



Haugianerene. A. Tiedemand. Norske Folkelivsbilleder, 1854.



Fra Feigum i Luster. J. C. Dahl, 1826.

uskikken at det ved bryllaup, gravferder og andre store gjestebod var ein «Overdaadighed i Klædedragt af fremmede kjøbte udenlandske Tøier». At dette er skadeleg for landet, er «indlysende for Enhver», men for bygda var det dobbelt skadeleg og ruinerande. Dei formugande bøndene heldt store bryllaup og gravferder, «og den Fattige synes at være nødsaget til at ligne sin rige Broder, Svoger eller Slægtning, og ruineres derved. Store Penge gaae derved aarligen udaf Landet til Brændeviin og udenlandske Klæder».²⁷

For å få bukt med uskikken hadde underskrivarane inngått ei pakt om at dei sjølve ville stå fram som føredøme. Dei hadde sett opp detaljerte føresegner for kor mykje malt og brennevin som var lov til å bruka i bryllaup og gravferder, og dei ville berre gå i gjesteboda til dei som

fylgde føresegnene. Dei ville heller ikkje «bruge andre Klæder end de, som ere spundne, vævede og farvede i Landet af Vadmæl eller andre hjemmevævede Tøier» – utanlandske tøy som fløyel og silke var forbodne, også til kanting. Underskrivarane hadde friviljug gått med på å betala mulkt der halvparten «tilfalder Angiveren» og halvparten «den nye Lysters Lære- og Arbeids-Anstalt». Amtmannen kom formelt inn i biletet fordi han stadfesta at bøtene kunne inndrivast med offentleg eksekusjon, noko som vart kunngjort på tinget i Luster 27. februar 1813.

Tiltaket vart *ikkje* legitimert religiøst eller av omsyn til moralsk forderving, men sosialt og økonomisk av omsyn til dei fattige som ruinerte seg på å etterlikna dei rike, og til nasjonaløkonomien. Grunngevinga var klart nasjonal-

27. Budstikken, 30.4.1813.



Parti ved Lyster Fjord i Norge. J. G. Mohr, 1836.

patriotisk: Dei som slutta seg til, batt seg til «at handle ædelt, leve oekonomisk og retskaffent, som ægte Normænd, der elske deres kjære Fødeland og Alt hvad som tjener til at conservere Samme».

Attåt lensmann Hans Urdahl er føresegnene under-

skrivne av 23 lustringar. Fyrst står Torgeir Næss, og av dei 24 er det minst ni med direkte eller familiære band til det haugianske miljøet.²⁸ Torgeir Næss og tre til var mellom haugianarane som var avhørde i 1806–07: Peder Einer-sen Næss og Erik Ottesen Høyum, og Ole Olsen Fortun

28. Alle personopplysningar etter Øyane 1984, Øyane 1986, Øyane 1987, Øyane 1991 og Øyane 2006.



Søndagsqvæl i En Røgstue. A. Tiedemand. Norske Folkelivsbilleder, 1854.

som var ein av dei som fekk Hauge til Luster i 1801. Ein annan av underskrivarane, Johannes Rasmussen Feigum, overtok Feigesagi etter Daniel Arnesen, medan underskrivaren Hans Pedersen Leri var svigereson til lensmann Hans Urdahl. To underskrivarar, Ole Asbjørnsen Svensøy og Søren Johannesen Flohaug, var bror og svigerbror av haugianaren Elling Asbjørnsen som flytte til Grytten med Daniel Arnesen i 1809.²⁹

Minst ein tredel av dei 24 underskrivarane hadde såleis band til det haugianske miljøet, truleg fleire. Samstundes er det klart at foreininga hadde eit langt breiare rekrutteringsgrunnlag. Mangelen på kristeleg legitimering peikar då òg mot at initiativtakarane ville femna breitt. Alle dei fire sokna var godt representerte sjølv om flest kom frå hovudsoknet Dale (11). Deretter følgde annekssockna Fortun (6), Gaupne (4) og Nes (3). Det mest iaugefallande med initiativet er at det heilt og fullt var menn av allmugen som stod bak, noko amtmann Tresschow nettopp framheva som ein god ting. At sokneprest Qvale ikkje var med på initiativet, kan ikkje i seg sjølv tolkast som at han var skeptisk til det. Qvale var rett nok svært kritisk til haugianismen, men la òg ned mykje krefter i å få bukt med det som både han og bygdebokskrivar Jon Laberg drygt hundre år seinare omtala som ei omfattande sedløyse i Luster.³⁰ Her hadde Qvale og haugianarane klare samanfallande interesser.

Ei nyttig og lett tilgjengeleg kjelde som seier noko om den økonomiske og sosiale plasseringa til personar kring 1814, er listene over den såkalla «sylvskatten». I samband

med etableringa av Noregs Bank skreiv Stortinget i 1816 ut eit tvunge innskot for å skaffa grunnfond til banken. Innanfor kvart amt vart innskota fordelte på tinglaga, og innanfor tinglaga utlikna etter formue på kvar skattytar av ein lokal kommisjon.³¹

Legg me sylvskatten til grunn, kan me konstatere at allmugeforeininga ikkje hadde ein eintydig økonomisk profil. Snittet i prestegjeldet var høgt – dei 222 skattytarane skaut inn 19,84 spesidalar (spd) i snitt. Mest av alle betalte proprietæren Hans Daae (153 ¼ spd), og på andre plass kom haugianaren Torgeir Næss (124 ½ spd). Av dei 24 i allmugeforeininga, finn me att 22 på sylvskattlista. Medrekna Torgeir Næss betalte dei 26 spd i snitt, utan Næss 21,4 spd, altså litt over prestegjeldssnittet. Ni skaut inn meir enn prestegjeldssnittet, 13 mindre enn snittet, og medlemene fordelte seg på heile spennet frå Torgeir Næss og ned til 1 ½ spd. Også sosialt var dette altså ei foreining som rekrutterte breitt frå gardbrukarsjiktet.

EMBETSMANNSINITIATIV: ARBEIDSSKULE 1811 OG SOKNESELSKAP 1813

Eit par andre allmennnyttig tiltak på same tid var derimot embetsmannsstyrte. Hausten 1811 skipa sokneprest Edvard Qvale ein «Læse- og Arbeids-Skole» på Kvalsøyri i Luster.³² Etter søknad støtta Selskabet for Norges Vel skulen med 200 riksdalar årleg i to år. Eit viktig føremål var å gjere «landøkonomiske Forsøg paa en Deel af den til Skolen tillagte Jord», særleg for å utbreia hagebruket. Qvale hadde oppretta eit legat i 1808 for å støtta skipinga av ein slik skule, som særleg retta seg mot fattige born.³³ Lensmann Urdahl og «fire andre Sogne-Mænd» hadde skote saman eit rentefritt lån på 600 rdl. for å oppføre skulebygningen. Det var altså denne arbeidsskulen halvparten av bøkene frå allmugeforeininga skulle gå til.

Eit år etter skipinga av allmugeforeininga, i februar 1813, tok Edvard Qvale eit nytt initiativ, denne gongen til

29. Svendsen 1931: 9ff.

30. Laberg 1926: 93–102.

31. Digitalarkivet, Sylvskatten 1816 (<http://www.arkivverket.no/arkivverket/Digitalarkivet/Om-Digitalarkivet/Om-kjeldene/Soelvskatten-1816>). Sjå skattelistas for Luster under Ytre og Indre Sogn fogderi.

32. Budstikken, 24.1.1812. Laberg (1926: 99) har ikkje fått med seg at skulen faktisk vart skipa, og han ser ikkje ut til å vera omtala i annan lokalhistorisk litteratur.

33. Nilsen 1953: 319.

eit sokneselskap som skulle «fremme det almindelige Bedste».³⁴ Det vart i vedtektene konkretisert til å skaffa ein del skrifter som skulle lånast ut til interesserte og lesast opp i skulen, gje premiar til born og ungdom som viste dugleik i handarbeid og studiar i landøkonomiske skrifter, hjelpa skulehaldarar som byrja med hagebruk, gje fruktstammar og humlerøter til dei som ville innrette hagar, og elles gje heiderleg omtale til dei som utmerka seg ved «Jordforbedring, Huus- og Konst-Flid eller anden nyttig Virksomhed».

I leiinga for selskapet fann ein den sosiale eliten i Luster: sokneprest Qvale, major Joachim de Knagenhjelm Daae, proprietæren Hans Knagenhjelm Daae, lensmann Urdahl og ein bonde frå kvart av dei fire sokna. Det var Ole Asbjørnsen Svensøy frå Fortun, Ole Sjursen Fuhr frå Dale, Hans Olsen Leirmo frå Gaupne og Torgeir Næss frå Nes. Av dei åtte fann ein altså fire som var med i allmugeforeininga, to leiande haugianarar og to som i 1806–07 hadde peika seg ut som dei skarpaste haugianarmotstandarane i Luster: Qvale og andre forliksskommisær Ole Fuhr.

Elitepreget i direksjonen vert stadfesta av sylvskatteleistene. Qvale og major Daae skaut inn 77 spd kvar, proprietær Daae betalte som nemnt mest i heile Luster (153 ¼ spd), og fire av dei fem frå allmugen låg til dels langt over snittet (Fuhr 77 spd, Leirmo 50 spd, Næss heile 124 ½ spd og Urdahl 30 ¾ spd). Berre Svensøy plasserte seg med 4 ¾ spd under prestegjeldssnittet.

Sokneselskapet var etter vedtektene ei open og demokratisk foreining: Alle som ville fremja «det almindelige Bedste», kunne melda seg inn. Ein kunne velja å bli med i ein av fire klassar graderte etter medlemskontingent, og

alle medlemer hadde framleggs- og røysterett på årsmøtet (§§ 2 og 10).

Medan rettsprosessane 1803–1807 fortalde om eit høgt konfliktnivå mellom haugianarane og andre grupper i Luster, er det eit bilete av fred, forsoning og samarbeid som pregar dei tre initiativa 1811–1813. Legitimeringa av alle tre tiltak legg vekt på dei praktiske og økonomiske aspekta medan dei kristeleg og moralske er tona ned, og også allmugeforeininga fekk altså si varme støtte frå embetsmannshald (amtmanden). Dei sentrale haugianarane og haugianarmotstandarane samarbeidde òg om arbeidsskulen og sokneselskapet. Dette må nok takast som eit tydeleg teikn på eit lågare konfliktnivå 1811–1813 enn nokre år før. Olav Golf har då òg i arbeidet sitt om haugerørsla framheva Luster som døme på «samarbeid mellom en rasjonalistisk prest og en haugianer når det gjaldt praktisk opplysningsvirksomhet».³⁵

Likevel må det leggjast til at denne framstillinga av tiltaka 1811–1813 byggjer på Budstikken, organet til Selskabet for Norges Vel. Der kan ein ikkje venta anna enn at konsensusen rår og at alt som smakar av lokalt konfliktstoff vert halde unna spaltene.³⁶ Og rett nok var arbeidsskulen og sokneselskapet breie konsensustiltak, men allmugeforeininga var det stikk motsette: Ei foreining som vart skipa med det eksplisitte føremålet å arbeida mot sterke lokale selskaps- og kledeskikkar som somme bønder og bondeslekter var sterke eksponentar for. Det er ikkje dristig å tru at dette har skapt og forsterka konflikthar i bygdesamfunnet sjølv om kjeldene som er nytta her, teier om dei.

34. Budstikken, 23.4.1813. Laberg (1926: 99) nemner at Qvale fekk til eit «grændelag», men at det «ikkje vart til noko større dei fyrste aari». Men han skriv at det vart skipa opp att med større hell i 1823.

35. Golf 1996: 157, jf. Nilsen 1953: 319.

36. Ein analyse av tingbøkene og protokollen til forliksskommisjonen (jf. Bøyum 2004) ville ha utfyllt biletet, men det har det ikkje vore rom for i arbeidet med denne artikkelen.



Dale kyrkje, Luster, om lag 1880. Ukjend fotograf. Eigar: DHS-SF.

KONFLIKTAR KRING VALMANNSSVALET I LUSTER?

Det sentrale spørsmålet i vår samanheng er om og korleis konflikten kring haugianarane og det sterke innslaget av organisering både ovanfrå og nedanfrå i åra før 1814 gav seg utslag i vala til riksforsamlinga og i dei fyrste stortingsvala. Det vart halde heile tre nasjonale val på

under eitt år. Attåt valet til riksforsamlinga i mars 1814 vart det halde val til det ekstraordinære Stortinget på seinsommaren 1814 og til det fyrste ordinære Stortinget på nyåret 1815. Ingen kjelder fortel om strid i samband med dei tre valmannssvala i Luster i 1814–1815, og opplysningane om korleis valet til riksforsamlinga føregjekk,

er knappe. Når det gjeld signaturane på fullmakta frå Luster i mars 1814, viser dei fyrst og fremst breidda i lokalsamfunnet. Her finn me tre sentrale haugianarmotstandarar (Qvale og gardbrukarane Ole Fuhr og Ole Yttri), men òg tre av dei mest sentrale haugianarane (lensmann Urdahl, Torgeir Næss og Peder Einersen Næss). Av dei tolv bøndene som skreiv under, finn me sju medlemmer frå allmugeforeininga i 1812. Og av dei tre øvrigheitspersonane og fire bøndene som utgjorde direksjonen i sokneselskapet i 1813, manglar berre éin bonde mellom underskrivarane på 1814-fullmakta (Ole Svensøy).

Påstanden om at underskrivarane representerer breidda i Luster har eit par klare atterhald. Det eine er at fleirtalet av bøndene plasserer seg klart i det øvre økonomiske sjiktet om ein legg sylvskatten til grunn. Berre tre av bøndene låg under prestegjeldssnittet, dei ni andre over og til dels høgt over (fire av dei meir enn 2,5 gonger snittet). Det høge prestegjeldssnittet kom av at dei 4000 spd som Luster skulle stilla, vart utlikna på berre 222 skatt-ytarar, som utgjorde kring åtte prosent av innbyggjarane. Til samanlikning vart skatten i Hafslo utlikna på kring 24 prosent av innbyggjarane. Hovudforklaringa er nok det svært omfattande husmannsvesenet i Luster som også fortel oss at det var ein stor sosial kategori i Luster alt i 1814 som ikkje hadde røysterett og som er heilt usynleg i kjeldene.

Valmenn frå Luster prestegjeld til amtsmøtet i mars 1814 vart sokneprest Qvale og lensmann Urdahl, altså dei to fremste organisatorane bak arbeids- og leseskulen i 1811, allmugeforeininga i 1812 og sokneselskapet i 1813. Slik sett er det ikkje noko oppsiktsvekkjande med valet. Me noterer oss likevel at Torgeir Næss ikkje vart valmann ved dette høvet. Ved dei to neste vala, hausten 1814 og på nyåret 1815, vart Næss ikkje berre valmann frå Luster, men òg stortingsrepresentant for Nordre Bergenhus. Ved båe desse vala sende Nordre Bergenhus to haugianarar til

Stortinget, hausten 1814 Næss i lag med Ole Svanøe frå Kinn, og på Stortinget 1815–16 Næss i lag med Hans Urdahl. Me kan trygt slå fast at så sterkt har Luster aldri seinare, og spesielt ikkje det haugianske miljøet i Luster, vore representert på Stortinget. Det skal òg leggjast til at då Urdahl drog på Stortinget i 1815, tok han med den 18-årige haugianaren Hans Kristofersen Feigum som hjelpesgut.³⁷ Feigum fekk under opphaldet kontakt med Hans Nielsen Hauge og byrja seinare som omreisande lekpreikar. På Stortinget i 1815 kom Urdahl med eit framlegg om at det godset som låg til kyrkjene og prestegardane, skulle takserast og seljast med forkjøpsrett for leiglendingane, og Næss gjekk imot at embetsmennene skulle få embetsbustader frå dette godset.³⁸ Ingen av framlegga fekk gjennomslag, men dei er eit døme på den embetsmannskritiske politikken haugianarane på Stortinget førte.

Korkje Torgeir Næss eller Hans Urdahl greidde å bita seg fast som stortingsrepresentantar. I 1817 prøvde Næss hardt å bli vald under valet til det andre ordinære Stortinget på amtsforsamlinga som vart halden i Sauesund i Askvoll 22. september 1817. 63 valmenn frå heile amtet hadde møtt, og Næss tenkte seg nok eit sterkt bondeval og sette sitt eige namn saman to andre bønder på røysetelen. Amtmann Christian Magnus Falsen, «Grunnlovens Fader», leia valet og hadde heilt andre planar. Han kjende godt til Næss etter at dei hadde representert amtet i lag på Stortinget tre år før. Falsen såg at her var organisering av listene, greip inn og kravde munnleg røystegjeving. Då feiga bøndene ut og valde to embetsmenn til Stortinget i lag med ein bonde, og det vart ikkje Torgeir Næss. Dette er det einaste stortingsvalet i Nordre Bergenhus der det står i valprotokollen kven kvar valmann røysta på. Næss fekk ingen røyster, og han vart i dei neste vala heller ikkje valmann. Haugianarane fekk likevel sin hemn då Stortinget underkjende valet av Falsen fordi amtman-

37. *Store Norske Leksikon*. Hans Kristofersen Feigum. http://nbl.snl.no/Hans_Kristofersen_Feigum/utdypning.

38. *Hommerstad* 2012: 135.

nen budde i Bergen. Såleis vart haugianarleiaren i Sunnfjord, Ole Svanøe, kalla inn som 1. vararepresentant.³⁹

I 1832 gjorde Næss comeback og vart valmann frå Luster med 40 røyster, dobbelt så mange som nr. 2. Denne gongen vart han òg vald til stortingsrepresentant for Nordre Bergenhus. Men med dette var òg den rikspolitiske karrieren hans over. Han var ikkje valmann til 1835-valet. I 1838 kom han som 66-åring att som valmann for siste gong, men fekk ingen røyster på valtinget. Hans Urdahl kom att som valmann frå Luster i 1820 og 1823. I 1820 vart han fyrste suppleant til Stortinget, og han møtte på det ekstraordinære tinget i 1822.⁴⁰

Det var såleis Ole Svanøe som fekk lengst fartstid som stortingsrepresentant av haugianarane i Nordre Bergenhus. Men lokalt i Luster var haugianarane definitivt ein politisk maktfaktor. Frå innføringa av formannskapslovene i 1838 og resten av hundreåret hadde Luster berre bønder som ordførarar, og dei fleste kom frå dei haugianske familiane – mellom anna sat to av sønene til lensmann Hans Urdahl som ordførarar i til saman 27 år fram til 1893.⁴¹

Samarbeidet om lese- og arbeidsskulen og sokneselskapet 1811–1813 og dei vantande spora av konflikhtar i 1814-kjeldene kan leia oss til å tru at det heller ikkje var konflikhtar å tala om kring vala i Luster i 1814. To kjelder frå året etter fortel oss likevel at ein skal vera varsam med å dra slike slutningar for raskt. Våren 1815 var Edvard Qvale i Kristiania for å vurdera om han skulle søkja det ledige prestekallet i Ramnes, og han oppsøkte då sin gamle studiekamerat Claus Pavels, slottsprest på Akershus, politiskar og flittig dagbokskrivar. Pavels noterte i dagboka si at «Qvale er endnu misfornøiet med Haugianerne». Rett nok hadde det religiøse svermeriet gått over til «gavnlig

Virksomhed», men han ottast at dei «heretter ville udgjøre en politisk Sect, der vil gjøre sig det til Princip at nedtrykke Embedsclassen».⁴² Når Pavels for eiga rekning i framhaldet nemner nokre av «det forrige Storthings mindre hæderlige Medlemmer» som Hans Nielsen Hauge sjølv har sagt at var hans vener, dreg han fram Ole Håkenstad, Torgeir Næss og Nils Bro.

Ein annan episode som Marthe Hommerstad nemner i avhandlinga si, er at dei røysteføre i Luster i 1815 klaga til Stortinget over Edvard Qvale si gjennomføring av valmannsvallet. Dei røysteføre skreiv i klaga at Qvale hadde opplyst at det «altid bør vælges i det mindste Een, som er eller har været Kongelig Embedsmand».⁴³ I 1814 hadde Qvale òg vendt seg til det omframme Stortinget med eit spørsmål om han kunne innretta valet slik at ein sikra at ein embetsmann vart vald. Qvale var valmann ved valet til riksforsamlinga, men vart korkje vald i stortingsvalet hausten 1814 eller på nyåret 1815. Stortinget la vekk saka i 1816, men dette etterlet lite tvil om at det må ha vore ei spent stemning og kanskje open strid kring valmannsvala i Luster i 1814.

FOLKELEG ENGASJEMENT I 1814?

Denne artikkelen og artiklane i boka *Med påhalden penn?* rokkar ikkje ved det hovudbiletet at 1814 primært var eliten sitt verk. Husmenn, tenarar, fattige og kvinner var framleis utelukka frå dei formelle politiske prosessane, og for mange var nok mangelen på mat meir presserande enn mangelen på demokrati. Det skal likevel ikkje få oss til å undervurdera kva 1814 hadde å seia også for 'vanlege folk'. Det fremste nyare forskingsarbeidet om bondepolitikken tidleg på 1800-talet står Marthe

39. Timberlid 2014: 354.

40. Statsarkivet i Bergen, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, valprotokoll 1815–1925: 8b og 10b.

41. Om haugianarane i Luster, sjå elles Laberg 1926: 103–108.

42. Pavels 1867: 47 (innførsel 1. april 1815), jf. Hommerstad 2012: 79–80.

43. Hommerstad 2012: 222–223.

Hommerstad for.⁴⁴ Ho strekar under at bondepolitikken ikkje oppstod i 1830-åra, men at bøndene ynskte å påverka heilt frå 1814 og var politisk modigare enn historikarar tidlegare har forstått. Dei lokale granskingane stør klart oppunder det synet.

Over natta fekk kring 45 prosent av alle norske menn over 25 prosent røysterett i 1814, høgt over alle andre land i samtida.⁴⁵ Også somme av dei frå husmannsklassa gjorde seg gjeldande. Tomas Olson frå husmannsplassen Øvre Amla i Kaupanger vart vekt av Hans Nielsen Hauge og var lærar i Luster. Då Stortinget i 1815 skulle handsama framtida til allmugeskulen, kom eitt av framlegga frå Tomas Olson Amble, som på 26 foliosider med 41 paragrafar kom med «Nogle Tanker om Almueskolevæsenet, samt et forsøgende Bidrag til en Plan for Dets betre Indretning paa Landet», på Stortinget målbore av Torgeir Næss.

Når ein tidlegare ikkje har fått auga på lokale engasjement i 1814, er det nok meir på grunn av mangelen på kjelder enn på grunn av mangelen på engasjement. Me snakkar då ikkje om eit politisk masseengasjement som i 1884, 1905 og 1994. I innleiinga i boka har me samanfatta det granskingane frå dei tre fylka har synt, og konklusjonen vår er tvitydig. Alt i alt var deltakinga til bøndene i 1814 prega av å vere med påhalden penn (i overført tyding) – det var andre som førte pennen. Men ikkje berre – bøndene vart integrerte i ein prosess der dei òg var deltakar, somme stader gjorde dei seg raskt kraftig gjeldande. Det skjedde ingen omveltingar i tilhøva mellom samfunnssklassane, men grunnlaget var lagt for eit folkestyre der også bøndene og etter kvart òg andre samfunnsgrupper skulle finna sin plass.



Mannsfigur i sognadrakt, skoren i tre av Christen Christensen Grinde (eller Fjærestad) frå Balestrand, som levde i siste halvdel av 1700-talet. Figuren skal førestilla han sjølv i helgedagsklede, og viser altså mannsbunaden i Midtre Sogn i åra rundt 1800. Om lag slik var det altså dei såg ut, sogningane som fekk ta del i det gryande folkestyret i 1814. Eigar: De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, DHS 16869. Foto: Lars Asle Vold.

44. Hommerstad 2012.

45. Kuhnle 1972.

LITTERATUR

Sjå notane for tilvisingar til uprenta kjelder og nettressursar.

- Bang, A. Chr. (1910). *Hans Nielsen Hauge og hans samtid. Et tidsbillede fra omkring aar 1800*. Kristiania: Gyldendalske Boghandel.
- *Budstikken*, 24.1.1812, 23.4.1813 og 30.4.1813.
- Bøyesen, Ulrik Frederik. (1814). *Taler paa den anordnede høitidelige Bededag holdne i Leirdals Hovedkirke den 18de Marts 1814*. Christiania: Jacob Lehmann.
- Bøyum, Per Olav. (2004). *Konflikter og konfliktløsning i Luster. Ei gransking av rettsbruken på bygdetinget 1783–1810 og forlikskommisjonen 1797–1810*. Upublisert hovudoppgåve i historie. Universitetet i Bergen.
- Dyrvik, Ståle. (2005). *Året 1814*. Oslo: Samlaget.
- Golf, Olav. (1996). *Haugebevegelse og folkeopplysning 1800–1860*. Utgitt i forbindelse med Hauge-jubiléet i 1996. Rapport nr. 6. Oslo: Universitetet i Oslo – Pedagogisk forskningsinstitutt.
- Hoel, Oddmund L. (2014). *Dei fyrste valmenn og røysteføre i Sogn med vekt på Jostedalen og Luster*. I Jens Johan Hyvik, m.fl. (red.), *Med påhalden penn? 1814 sett frå Nordvestlandet og Telemark* (s. 397–427). Oslo: Novus forlag.
- Holck, Ole Elias. (1907). *Eidsvoldsmanden Capitaine (senere Generaladjutant) Ole Elias Holcks Dagbog fra Aaret 1814*. (Ved Ludvig Daae). Historiske Samlinger, 2, 1–35.
- Hommerstad, Marthe. (2012). *Politiske bønder. Bondepolitikk og Stortinget 1815–1837*. Oslo: Det humanistiske fakultet, Universitetet i Oslo.
- Hyvik, Jens Johan, Oddmund L. Hoel, og Harald Krøvel. (2014). Innleiing. I *Med påhalden penn? 1814 sett frå Nordvestlandet og Telemark* (s. 9–48). Oslo: Novus forlag.
- Kuhnle, Stein. (1972). *Stemmeretten i 1814. Beregninger over antall stemmerettskvalifiserte etter Grunnloven*. Historisk tidsskrift (nr. 4), 373–390.
- Laberg, Jon. (1926). *Luster. Bygd og ætter*. Bergen: Grieg.
- Lindstøl, Tallak. (1914). *Stortinget og statsraadet 1814–1914*. Bd. 1, del 2. Biografier L–Ø. Kristiania: Steen'ske bogtrykkeri.
- Losnegård, Gaute. (2014). *Haugianarane og den politiske oppvakninga i Sunnfjord kring 1814*. I Jens Johan Hyvik, m.fl. (red.), *Med påhalden penn? 1814 sett frå Nordvestlandet og Telemark* (s. 369–398). Oslo: Novus forlag.
- Nilsen, Halkild. (1953). *Skolestell og folkeopplysningsarbeid i bygdene i Bergens stift 1800–1850*. Oslo: Gyldendal.
- Pavels, Claus. (1867). *Claus Pavels's Dagbogs-Optegnelser 1815–1816*. Christiania: Cappelen.
- Riksforsamlingen. (1914). *Riksforsamlingens forhandlinger. Adresser og fuldmagter*. (Bd. 2). Kristiania: Grøndahl & Søn's Boktrykkeri.
- Svendsen, Sigrid. (1931). *Kristenliv i Romsdalen 1809–1864*. Oslo: Lutherstiftelsen.
- Tang, Per. (1909, 28. mai og 4., 5., 18., 22. og 25. juni). *Haugianismens barndom i Indre Sogn*. Sogns Tidende.
- Timberlid, Jan Anders. (2014). *Folkeleg engasjement i Nordre Bergenhus i åra rundt 1814*. I Jens Johan Hyvik, m.fl. (red.), *Med påhalden penn? 1814 sett frå Nordvestlandet og Telemark* (s. 341–368). Oslo: Novus forlag.
- Øyane, Lars E. (1984). *Fortun sokn. Gards- og ættesoge for Luster kommune*. (Bd. 1). Gaupne: Luster kommune.
- Øyane, Lars E. (1986). *Dale 1 sokn. Gards- og ættesoge for Luster kommune*. (Bd. 2). Gaupne: Luster kommune.
- Øyane, Lars E. (1987). *Dale 2 og Nes sokn. Gards- og ættesoge for Luster kommune*. (Bd. 3). Gaupne: Luster kommune.
- Øyane, Lars E. (1991). *Gaupne sokn. Gards- og ættesoge for Luster kommune*. (Bd. 4). Gaupne: Luster kommune.
- Øyane, Lars E. (2006). *Eikum Ytre - Høgi. Gards- og ættesoge for Luster kommune*. (Bd. 6). Gaupne: Luster kommune.

Årbok for Sogn 2014

Musea i Sogn og Fjordane
De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum

Innhald

Velkomne til årboka!	4	<i>Jan Anders Timberlid:</i>	
Presentasjon av forfattarane.....	6	Niels Griis Alstrup Dahl.....	106
<i>Jan Anders Timberlid:</i>		<i>Kåre Hovland:</i>	
Sogn i åra fram mot 1814	8	Lærdalske kompani – militærnektarane som vart elitesoldatar i ei av dei mest berømte avdelingane i den norske hær si historie.....	110
<i>Oddmund Hoel:</i>		Johs. B. Thue:	
Vala til riksforsamlinga 1814		På trappa inn til Helgheimsstova	132
i Sogn og haugianarane i Luster	24	Aage Engesæter og Bjørn Schanke Sande:	
<i>Arne Inge Sæbø:</i>		Nybygget til Norsk Reiselivsmuseum – eit arkitektonisk og byggeteknisk meisterverk	144
Lyche-huset på Vange i Vik og hendingane i 1814.....	44	Grunnlovsjubileet på	
<i>Hermund Kleppa:</i>		De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum.....	150
Ny kunnskap om Riksforsamlinga på Eidsvoll:		Margreta Vold (1917–2013)	157
Noregs fyrste varamann kom frå Sogn og Fjordane.....	52	Anders Furehaug (1927–2013).....	158
<i>Anna Jorunn Avdem:</i>		Gunnlaug Lund (1938–2014)	159
Eidsvollsmennene – og konene som stelte heime	68	Årsmelding 2013	160
<i>Arlen Bidne:</i>			
Frå embetshus og bondestover.			
Bustadene til eidsvollsmennene frå Sogn og Fjordane	74		
<i>Geir Sørebo:</i>			
Ole Elias Holck som topograf	92		